

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/2654-1

## Årsrapport 2015 - konsesjonskraft og finansportefølje

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporteringane for 2015 på konsesjonskrafta og finansporteføljen til orientering.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Reglement for finansforvaltninga – Sogn og Fjordane fylkeskommune
2. Rutinar for finansforvaltninga – Sogn og Fjordane fylkeskommune
3. Risikostrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune
4. SF revisjon IKS –Uavhengig attestasjonsrapport om intern kontroll av finansiell risiko

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn

I følgje finansreglementet og strategien for sal av konsesjonskrafta skal fylkesrådmannen leggje fram rapportar om finansforvaltninga og konsesjonskraftforvaltninga til fylkestinget tre gonger i året. Rapporteringa skal skje etter kvart tertial og etter utgangen av året.

Gjeldande finansreglement og rutinar vart vedteke av fylkestinget i sak 54/12. Desse dokumenta gjev rammene og fullmaktene for finansforvaltninga i fylkeskommunen, jf. vedlegg 1 og 2.

Forskrift om finansforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar seier at finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar fylkestingperiode. Fylkesrådmannen legg difor opp til at det i løpet av 2016 vert lagt fram for fylkestinget ei eiga sak om dette.

Gjeldande strategi for sal av konsesjonskraft vart vedteke i FT-sak 24/12, jf. vedlegg 3. Det vart lagt opp til at strategien skulle innarbeidast over ein litt lenger periode, slik at mengda sikra kraft auka stegvis med full innføring ved inngangen til 2015. Då vi no er inne i 2. året etter full innføring vert det ikkje lagt opp til å revidere denne strategien med det første.

I tråd med gjeldande rutinar vert det no lagt fram årsrapportar for konsesjonskrafta og finansforvaltninga for rekneskapsåret 2015.

## **2. Konesjonskraftforvaltninga**

Årsrapporteringa på konesjonskraft tek føre seg resultatet for heile året og ser på utsiktene framover.

<b>Mill. NOK</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Revidert budsjett	-64,0	-68,6	-56,5	-58,3
Innkjøpskostnadar	49,9	47,8	49,2	49,5
Forvaltning/omkostningar	1,0	1,1	1,1	1,1
Sikringssal	-52,6	-63,6	-61,0	-58,8
Spotsal	-59,9	-58,8	-44,3	-43,8
Agio tap/vinst	0,9	-	-	-6,2
Resultat	-60,7	-73,5	-55,0	58,2
Avvik budsjett - rekneskap	3,3	-4,9	1,5	0,1

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Volum omsett kraft (GWH)	392,0	402,4	373,7	394,3
Herav selt gjennom avtale SFE	61,1	39,9	30,4	0,0
Kostnadar kjøp kraft inkl. innmating (øre/kwh)	12,7	11,9	13,2	12,6
Sikringsprosent av eiga omsetnad	50,4	59,2	75,2	76,2
Oppnådd pris samla volum	28,7	30,4	28,2	26,0
Oppnådd pris sikringsvolum eks. SFE (øre/kwh)	34,0	29,7	28,8	28,2

### **Volum**

Totalt volum konesjonskraft i 2015 var om lag 394 GWH. Frå 2014 til 2015 var det ein relativ stor auke i volum konesjonskraft som fylkeskommunen tok ut. Auken har sine hovudårsakar i lægre uttak i kommunane Luster og Vik, jf. desse kommunane si utvikling i alminneleg forbruk.

### **Sikringsstrategi**

Etter sikringsstrategien skal 80 % av volumet vera sikra ved inngangen til året. Vi tilpassar sikringa etter månadsblokkmodellen slik at kvar måned skal ha sikra om lag 80 % av volumet. Denne tilpassinga vert ikkje nøyaktig då vi berre kan gjennomføra sikringshandlar i MW. Endeleg avklaring på tildelt konesjonskraftmengde har vi primo desember. Det særskilte for 2015 var at volumet gjekk relativt mykje opp frå året før. Dette medførte at sikra volum for 2015 vart noko lægre enn det strategien skulle tilseie. Den totale sikringa for 2015 vart 76,2 % av volumet.

### **Valutasikring**

Parallelt med prissikring av kraftsalet sikrar vi også valutakursen på EURO mot NOK. Det betyr at vi i 2015 har valutasikra om lag 76 % av omsetnaden. Dei resterande 24 %, som vert selt i spotmarknaden, er såleis utsett for valutasvingingar. I tillegg har vi valutarisiko på det vi har ståande på våre tre EURO-kontoar.

Valutakursen på NOK mot EURO endra seg også i løpet av 2015. For 2015 har vi ein valutavinst på 0,3 mill.kr som er inntektsført i driftsrekneskapet.

### **Agio (valutavinst/-tap)**

Fylkesrådmannen har i 2015 gjennomgått rutinen knytt til rekneskapsføring av agio på nytt, og i samråd med revisor kome fram til at gjeldande rutine har vore feil. Bankkonti i utanlandsk valuta skal vurderast til verkeleg verdi, i tråd med KRS nr. 11. Det betyr at både agiotap og -vinst skal rekneskapsførast i driftsrekneskapen. Det vert vist til FT-sak 66/15 der rutinane vart endra og tidlegare agiovinst på 5,9 mill. kr for åra 2013 og 2014 vart inntektsført i driftsrekneskapet 2015.

### **Resultat**

Det endelege resultatet for 2015 vart 58,24 mill. kr, noko som er i samsvar med budsjetterte konesjonskraftinntekter.

### Utsiktene framover

Volumet for 2016 er redusert med om lag 8 GWH. Gjeldande økonomiplan er basert på volum lik 2015 og det prisnivået ein såg føre seg pr. oktober 2015. Prisenivået for komande økonomiplanperiode er vesentleg lægre pr. mars 2016 enn tidlegare lagt til grunn. Fylkesrådmannen kjem attende med ei ny vurdering av konsesjonskraftinntektene i tertialrapport 1/2016.

### 3. Finansforvaltninga

Årsrapporteringa på finansporteføljen tek føre seg både siste tertial og heile året.

Reglementet omhandlar tre ulike forvaltningstypar:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Når det gjeld langsiktige finansielle aktiva har ikkje finansreglementet plasseringsrammer for dette. Fylkesrådmannen har såleis ingenting å rapportere på denne forvaltningstypen.

Finansreglementet sitt punkt 6.4 og 7.7 gjev føringar for kva rapporteringa, som eit minimum, skal innehalde. Dei ulike elementa vert presentert i eit tabellverk. Fylkesrådmannen gjev i tillegg ei kort tekstleg omtale av føremålet med dei ulike elementa i tabellane.

#### Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

Følgjande tabell viser rapporteringa i høve ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

	31.12.2014		30.04.2015		31.08.2015		31.12.2015	
	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%
Innskot hovudbank	406,2	45,2	937,2	86,3	1036,3	88,3	950,3	87,5
Innskot i andre bankar	389,9	43,4	46,3	4,3	34,1	2,9	32,3	3,0
Delar i pengemarknadsfond	101,8	11,4	102,5	9,4	103,0	8,8	103,2	9,5
<i>Samla kortsiktig likviditet</i>	<i>897,9</i>	<i>100%</i>	<i>1086,0</i>	<i>100%</i>	<i>1173,4</i>	<i>100%</i>	<i>1085,8</i>	<i>100 %</i>
Største enkeltbinding på plassering	Ingen		Ingen		Ingen		Ingen	
Avkastning i perioden	6,3 mill.		7,3 mill.		8,6 mill.		10,1 mill.	
Akkumulert i rekneskapsåret	22,7 mill.		7,3 mill.		15,9 mill.		26,0 mill.	
Avkastning benchmark (gj.sn. 3 mnd nominell Nibor/ST1X) i perioden	4,5 mill.		4,5 mill.		4,9 mill.		4,1 mill.	
Stadfesting på enkelteksponering ≤ 2 % av forvaltningskapital	OK		OK		OK		OK	
Stadfesting på at alle plasseringar er gjort med ≤ 20 % BIS-vekt	OK		OK		OK		OK	
Stadfesting på fondseksponering ≤ 5 % av forvaltningskapital	OK		OK		OK		OK	

I tillegg har fylkeskommunen om lag 32 mill. kr innestående på eigen bunden skattetrekkskonto.

Første del av tabellen viser samla kortsiktig likviditet fordelt etter plasseringsalternativ. Vi har funne det føremålstenleg å splitte bankinnskot i 2; hovudbank (banken vi har eigen bankavtale med) og andre bankinnskot.

Oppsettet viser at per 31.12.2015 er den kortsiktige likviditeten plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond. Plasseringa i bankinnskot og pengemarknadsfond er fordelt med 87,5 % i hovudbank, 3,0 % i andre bankar og 9,5 % i pengemarknadsfond. Innskota i andre bankar er i hovudsak i Danske Bank der konsesjonskraftinntektene vert innbetalt. Konsesjonskraftinntektene vert

innbetalt i euro (EUR), og ved sikring av konsesjonskraft vert det også føreteke valutasikring. Pr. 31.12.15 har vi inneståande 20,4 mill. kr i EUR, om lag halvparten av beløpet er utsatt for valutarisiko.

Mesteparten av likviditeten er innskot i vår hovudbank, Sparebank 1 SMN. Årsaka til dette er vurderingar knytt til rentevilkår. Risikoen knytt til det å ha så mykje midlar i ein bank er vurdert som liten og handterbar.

Finansreglementet har ei avgrensing på at kvar enkeltbinding ikkje skal utgjere meir enn 100 mill. kr. Inneståande i pengemarknadsfond vert ikkje vurdert som ei binding då pengane kan vere tilgjengelig på kort tid. Per 31. desember 2015 har ikkje fylkeskommunen bindingar på likviditeten.

I andre del av tabellen viser vi dei parameter finansreglementet pkt. 6.4 krev rapportering på. Tabellen gjev her ei samanlikning av eigne rentevilkår mot marknadsrenter, samt stadfesting på at fylkeskommunen sine plasseringar er innafor finansreglementet si ramme. Fylkesrådmannen har i si samanlikning med marknadsrenter for bankinnskot brukt gjennomsnittleg 3 mnd. Nibor som referanserente, samt nytta eit gjennomsnitt av samla kortsiktig likviditet i perioden som grunnlag for berekningane. For plasseringane i pengemarknadsfond er det nytta 3 mnd. statsobligasjonsindeks (ST1X) som referanserente.

Oppsettet viser at fylkeskommunen har fått 26 mill. kr i renteinntekter i 2015, og 10,1 mill. kr i siste tertial. Berekna renteinntekter med grunnlag i referanserentene er 4,1 mill. kr for siste tertial. Renteinntektene er på eit høgare nivå enn revidert budsjett, i hovudssak på grunn av høgare likviditet enn føreset. Plasseringane i pengemarknadsfond har gjeve noko lågare avkastning enn bankinnskot i 2015.

Rentenivået har i løpet av 2015 vore på veg ned og generelt har bankane sett ned sine marginar på innskot. Sett i lys av dette har fylkeskommunen fått god avkastning på likviditeten i 2015. Fylkesrådmannen er nøgd med ei meiravkastning på 6 mill. kr i siste tertial, samanlikna med referanserenta.

Fylkesrådmannen har i løpet av 2015 ikkje inngått nye rentebindingsavtalar eller gjort nye plasseringar i pengemarknadsfond. Utover dette føretek fylkesrådmannen fortløpande vurderingar av fylkeskommunen sin likviditet og eventuelle nye plasseringar/bindingar.

Oppsettet viser at våre plasseringar/innskot er under 2 %/5 % av dei aktuelle bankane/fonda sin forvaltningskapital. Plasseringane i Pluss likviditet II og Danske Invest Norsk likviditet institusjon er i kategorien pengemarknadsfond med lav risiko og har ein BIS-vekt på under 20 %.

Fylkeskommunen har ikkje hatt andre vesentlege endringar, utover renterisiko, i si risiko-eksponering i rapporteringsperioden.

I løpet av 2015 har Noregs Bank justert styringsrenta ned to gonger. Styringsrenta har blitt redusert frå 1,25 % til 0,75 % i løpet av året og er no på eit historisk lågt nivå. Denne renta er sett ned pga. den svake utviklinga i norsk økonomi, svakare vekstutsikter, og forventingar om lågare inflasjon framover. Dette gjev forventning om eit framleis lågt rentenivå dei komande åra.

## Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler

Følgjande tabell viser rapporteringa på gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar:

	31.12.2014		30.04.2015		31.08.2015		31.12.2015	
	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%	Mill. NOK	%
Lån med pt rente	161,6	7,5	154,8	6,7	151,8	6,7	148,0	7,1
Lån med NIBOR basert rente	894,3	41,7	1048,7	45,8	1048,1	46,2	892,6	42,7
Lån med fast rente								
Lån sikra med rentebytteavtalar	1086,7	50,6	1082,1	47,3	1066,4	47,1	1049,9	50,2
Finansiell leasing	3,8	0,2	3,8	0,2				
<i>Samla langsiktig gjeld</i>	<i>2146,4</i>	<i>100%</i>	<i>2289,4</i>	<i>100%</i>	<i>2266,3</i>	<i>100%</i>	<i>2090,5</i>	<i>100%</i>
Rentekostnad i perioden (snittrente)	18,3 mill.		17,8 mill.		18,3 mill.		18,2 mill.	
Rentekostnad benchmark i perioden (gj.sn 3 mnd nominell Nibor)	11,5 mill.		10,4 mill.		10,1 mill.		8,3 mill.	
Betalte renter i året	58,7 mill.		10,3 mill.		31,8 mill.		56,1 mill.	
Tal lån	17		18		18		18	
Største enkeltlån	NOK 483,6 mill.		NOK 483,6 mill.		NOK 483,6 mill.		NOK 201,7 mill.	

Første del av tabellen viser samla gjeldsportefølje fordelt på ulike rentevilkår/-avtalar.

Oppsettet viser at per 31.12.2015 hadde fylkeskommunen ein gjeldsportefølje på i underkant av 2,1 milliardar kr. Oppsettet viser vidare at 49,8 % er på flytande vilkår og 50,2 % er på faste vilkår/avtalar om rentebytte. Av den totale gjelda kjem 783,5 mill. kr til forfall innan eit år. Dette utgjer 37,5 % av gjeldsporteføljen, og er fordelt på fem sertifikatlån og eitt obligasjonslån.

Finansreglementet gjev minimumsrammer for plassering på flytande og faste vilkår med 1/3 på kvar av porteføljane. Siste 1/3 skal vurderast ut frå marknadssituasjon. Oppsettet viser at dagens portefølje er innafor minimumsrammene i reglementet. Fordelinga mellom lån på flytande og faste vilkår har berre vorte minimalt endra både i denne rapporteringsperioden og for 2015. Fylkesrådmannen vurderer behovet for nye rentesikringar opp i mot det låge nivået på flytande renter fortløpande.

Andre del av tabellen viser:

- ei samanlikning av eigne rentevilkår (snittrente) mot marknadsvilkår i rapporteringsperioden
- kor mykje fylkeskommunen har betalt i renter i perioden og i løpet av året.
- kor mange lån, samt størrelsen på det største lånet i porteføljen.

Eit gjennomsnitt av låneporteføljen i perioden er nytta som grunnlag for berekningane. Fylkesrådmannen har i si samanlikning med marknadsrenter brukt gjennomsnittleg 3 mnd Nibor som referanserente.

Oppsettet viser at rentebelastinga i rapporteringsperioden utgjer 18,2 mill. kr. Samanlikna med referanserenta har vi ein meirkostnad på 10 mill. kr i perioden. Oppsettet viser vidare at fylkeskommunen har betalt 56,1 mill. kr i renter i løpet av året.

Snittrenta for heile porteføljen er berekna til 2,51 %. Dette er 1,37 %-poeng høgare enn referanserenta som er berekna til 1,14 %. Denne meirkostnaden i høve referanserenta (flytande vilkår) er m.a. forsikringspremien fylkeskommunen betalar for å redusere risikoen i høve rentendringar på kort og mellomlang sikt. I tillegg har bankane ein margin på sine utlån utover referanserenta.

Ein auka meirkostnad i perioden skuldast at nokre av dei eldste rentebindingane er dyre sett i høve til det historisk låge rentenivået vi no har. Ved kontraktsinngåinga vart desse rentebindingane vurdert som fordelaktige for fylkeskommunen. Vidare har marginane både på serielån og lån i kapitalmarknaden vore aukande i perioden. Dette skuldast mellom anna auka krav til oppbygging av eigenkapital for bankane, og at det har vore endringar i balansen mellom etterspurnad og tilbod i kapitalmarknaden.

Rekneskapen for 2015 viser at kapitalutgiftene vart om lag som budsjettert. Fylkeskommunen har i 2015 motteke rentekompensasjon for skulebygg og fylkesveg på høvesvis 3,2 mill. kr og 14,7 mill. kr. Dette er om lag 0,7 mill. kr mindre enn budsjettert.

Fylkesrådmannen meiner at likviditetsforvaltninga og låneforvaltninga sett under eitt gjev eit tilfredsstillande resultat.

Fylkeskommunen har 18 enkeltlån der det største lånet er på 201,7 mill. kr. I tillegg hadde fylkeskommunen i delar av 2015 ein leigeavtale mellom Nes Eigedom ANS og fylkeskommunen om undervisningsbygg på Hafslo som rekneskapsmessig blei definert som ein finansiell leasingavtale. Ved salet av tidlegare Luster vidaregåande skule vart fylkeskommunen løyst frå denne leigeavtalen mvf. 01.07.2015. I samband med forskotering har også fylkeskommunen gjeld til kommunar på samla 125,3 mill. kr. Denne langsiktige gjelda er ikkje ein del av den ordinære gjeldsforvaltninga til fylkeskommunen og er såleis ikkje ein del av fylkesrådmannen sin rapportering.

Det er i rapporteringsperioden teke opp eitt sertifikatlån på 93,3 mill. kr. I tillegg er låneopptaket auka med 0,5 mill. kr på eit eksisterande lån. Låneopptaket på samla 93,8 mill. kr er gjort i samsvær med revidert budsjett for låneopptak i 2015. Eitt lån er innfridd og tre sertifikatlån er rullert. Eitt obligasjonslån er rullert med to nye lån.

Fylkeskommunen har per 31.12.2015 berre rentebytteavtalar (renteswap) som rentesikring. Ein kort definisjon av ein rentebytteavtale er at dette er ein avtale mellom bank og kunde om bytte av framtidige renteutbetalingar. Som hovudregel vil den eine parten betale fast rente i heile perioden, medan den andre parten betalar flytande Nibor rente. I gjeldande rentebytteavtalar er det fylkeskommunen som betalar fast rente medan banken betalar flytande Nibor rente.

For 2015 sett under eitt er det teke opp to nye lån. Det eine lånet var eit kortsiktig sertifikat som vart erstatta av eit nytt sertifikatlån tilsvarande revidert budsjett 2015. Eitt serielån er innfridd, og eitt obligasjonslån er refinansiert med to nye lån. Det er ikkje inngått nokon nye avtalar ved bruk av finansielle instrument som til dømes framtidige renteavtalar (FRA), renteopsjonar eller finansiell leasing i 2015. Sikringsgraden har i løpet av året gått marginalt ned, frå 51 % til om lag 50 %. Om lag 80,5 mill. kr som er rentesikra fram til mai/juni 2016 vert rekna som flytande vilkår etter finansreglementet.

Gjennomsnittleg løpetid for låneporteføljen er 9,9 år. Vekta attståande rentebindingstid på låneporteføljen er berekna til 2,5 år. Dette er innafor finansreglementet sitt intervall på 1-5 år.

Fylkeskommunen sin låneportefølje har i rapporteringsperioden vore rundt 2,2 mrd. kr. Halvparten av låneporteføljen er eksponert for mellom anna renterisiko. Fylkesrådmannen har hatt som målsetting å ha ein høg del av låneporteføljen på fastrentevilkår når det er forventning om stigande rentenivå på lengre sikt. Norges Bank heldt styringsrenta uendra på siste rentemøte i 2015, men signaliserte at det er sannsynleg at renta vert sett ned ytterlegare i løpet av 2016. Ettersom ein på lengre sikt må kunne forvente at rentene skal opp på eit historisk sett normalt nivå vert det fortløpande vurdert rentebindingar på både kort og lengre sikt.

I rapporteringsperioden har det vore lite endring i risikoeksponeringa på lånegjelda på kort sikt. Fylkesrådmannen vurderer risikoen for ein renteoppgang på finansporteføljen samla sett som handterbar. Over halvparten av porteføljen er finansiert i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. 37,5 % av samla lån kjem til forfall i løpet av 2016. Dette medfører at fylkeskommunen er utsett for ein viss refinansieringsrisiko. Fylkesrådmannen vurderer denne som handterbar.

Fylkesrådmannen skal i løpet av 2016 ta opp lån i høve budsjettert låneopptak. Styringsrenta per 31.12.15 er på 0,75 %. Det er forventningar i marknaden om fallande renter i 2016. Fylkesrådmannen trur fylkeskommunen vil få konkurransedyktige vilkår på føreståande finansieringsbehov, og at dette kan gjerast innafor gjeldande budsjetttrammer.

### **Risikovurdering**

I finansreglementet punkt 10.2 står det at det skal gjerast ei risikovurdering i høve renterisikoen ved ei generell endring i renta på 1 % -poeng.

Berekninga viser at med gjeldande portefølje per 31.12.2015 vil fylkeskommunen få ein gevinst på 0,3 mill. kr ved ein renteoppgang på 1 %. Den rentebærande likviditeten er litt større enn den flytande delen av gjeldsportefølja. I følgje berekninga vil ei endring i renta få minimal innverknad på økonomien i fylkeskommunen på kort sikt.

Når ein tek omsyn til storleiken på finansporteføljen vil fylkesrådmannen konkludere med at risikoeksponeringa per 31.12.2015 er innafor eit akseptabelt nivå.

### **Intern kontroll**

Punkt 6 i vedtekne rutinar for finansforvaltninga omhandlar internkontroll. Fylkeskommunen sin eksterne revisor skal årleg foreta ein ekstern kontroll av fylkeskommunen sine rutinar for finansforvaltninga. SF revisjon IKS har utført denne kontrollen for 2015. Dei konkluderer med at fylkeskommunen har dokumentert forsvarlege rutinar for å vurdere og handtere finansiell risiko i samsvar med lov, forskrift og gjeldande reglement. SF revisjon IKS sin uavhengige attestasjonsrapport er vedlagt saka, jf. vedlegg 4.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)